Send inn høyringssvar

Fjaler kommune

Innsendt: 19.10.2026 22:39
Referanse-ID: GQU-5TT
Skjema-ID: FKO-28

Opplysningar om innsendar

Høyringssak

Arkivsak

25/1844

Tittel

Utgreiing av skulestruktur

Uttalen vert gjeven

set kryss

◉ På vegne av lag, føretak eller foreining

Føretak/ lag/ foreining

Organisasjonsnummer

994042734

Organisasjonsnamn

HELLEVIK IDRETTSLAG

Adresse

Postnummer

6967

Poststad

Hellevik i Fjaler

Kontaktperson

Richard Stølen

E- postadresse til kontaktperson

richstolen@gmail.com

Telefonnummer til kontaktperson

99340437

Høyringssvar

Skriv uttalen din her eller last ho opp som vedlegg:

Høyringsinnspel frå Hellevik Idrettslag – framtidig skulestruktur i Fjaler kommune

Hellevik Idrettslag vil med dette innspelet uttrykkje sterk uro for forslaget om å leggje ned ungdomstrinnet ved Våge skule.

Hellevik IL blei stifta i 1981 og har gjennom åra bidrege med ulike aktivitetar i Ytre Fjaler. Dei siste åra har idrettslaget kome sterkt tilbake, og vi vil særleg trekkje fram kickboksing i gamle Hellevik skule, som har blitt eit svært populært tilbod. I dag tilbyr vi aktivitetar fire dagar i veka. Blant dei aktive har vi både elevar som går på ungdomstrinnet ved Våge skule, og barn som skal byrje på ungdomsskulen i åra som kjem.

Styret består i hovudsak av unge folk som har valt å bli buande i Ytre Fjaler, eller som har flytta tilbake. Vi ser kor viktig det er å ha gode lokale tilbod, både for folkehelsa og som sosiale møteplassar for barn, unge og vaksne.

Ei nedlegging av ungdomstrinnet ved Våge skule vil føre til lengre reiseveg for elevane og ein meir krevjande kvardag. Dette kan gjere det vanskelegare å delta på fritidsaktivitetar på kveldstid, anten det gjeld kickboksing på Hellevik eller fotballtrening i Dale. Vi er uroa for at dette kan gå ut over både aktivitetsnivået og det sosiale fellesskapet blant ungdomane.

Vi er òg uroa for signaleffekten ei slik nedlegging vil ha for Ytre Fjaler. Eit redusert skuletilbod kan gjere området mindre attraktivt for barnefamiliar som vurderer å flytte hit, og dermed svekkje moglegheitene for tilflytting og vidare utvikling av bygda.

Hellevik IL meiner at gode oppvekstvilkår, eit sterkt lokalmiljø og aktivitetstilbod i nærmiljøet er viktige føresetnader for å halde oppe busetnaden og skape framtidstru i Ytre Fjaler. Vi ber derfor Fjaler kommune om å ta omsyn til konsekvensane for frivilligheit, folkehelse og oppvekstvilkår, og om å vidareføre ungdomstrinnet ved Våge skule.

Med helsing

Styret i Hellevik Idrettslag

Last opp eventuelle dokument eller vedlegg

Her kan du laste opp eventuelle dokument eller vedlegg